



Innst. 372 S

(2009–2010)

Innstilling til Stortinget fra utenriks- og forsvarskomiteen

Prop. 144 S (2009–2010)

Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om endringar i Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Bakgrunn

I denne proposisjonen legg Forsvarsdepartementet fram forslag om regulering av primærgodtgjersler for utskrivne vernepliktige mannskap frå 1. juli 2010.

Forslaget til regulering er basert på meklingsresultatet mellom staten og LO Stat, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund Stat, Akademikerne og Unio. Med grunnlag i løneoppgjernet for statstilsette blir primærgodtgjersler til vernepliktig mannskap tilrådd auka med 3,6 pst. frå 1. juli 2010.

Meirutgiftene for 2010 er utrekna til 15,514 mill. kroner.

Gjennom mange år er dei økonomiske ytingane til soldatane regulert med basis i løneoppgjernet for tilsette i staten. Forsvarsdepartementet har dei seinare åra, i tråd med synet til Stortinget, lagt til grunn reguleringa i lågaste lønetrinn for vaksen, ufaglært arbeidskraft.

Løneoppgjernet for statstilsette i løneramme 02, lønstrinn 18 gav eit kronetillegg på 8 800 på A-tabelen. Dette utgjer ei regulering på 3,6 pst.

Dei årlege reguleringane med basis i løneoppgjernet sikrar dei vernepliktige ein rimeleg god levestandard. Departementet meiner det er naturleg og rime-

leg at det òg i år blir gitt ei regulering som for lågaste begynnarløn for vaksen, ufaglært arbeidskraft i staten. Etter ei samla vurdering er Forsvarsdepartementet kome fram til at dei vernepliktige bør få ei regulering på avrunda 3,6 pst. med verknad frå 1. juli 2010.

1.2 Regulering av satsane

Forslaget inneber følgjande regulering av satsane frå 1. juli 2010:

Tenestetillegg frå kr 145,00	til kr 150,00 pr. dag
Tenestetillegg HV-innsatsstyrke frå kr 780,00	til kr 808,00 pr. dag
Operativt (§13-oppdrag) tillegg frå kr 1114,00	til kr 1 154,00 pr. dag
Korporalstillegg frå kr 18,40	til kr 19,00 pr. dag
Kompensasjonstillegg frå kr 285,00	til kr 295,00 pr. dag
Ektefelletillegg frå kr 3 891,00	til kr 4 029,00 pr. månad ¹
Barnetillegg, første barn frå kr 4 422,00	til kr 4 581,00 pr. månad
Barnetillegg, øvrige barn frå kr 1 821,00	til kr 1 887,00 pr. månad
Dimisjonsgodtgjersle 12 månader teneste frå kr 27 850,00	til kr 28 835,00 ¹
Utdanningsbonus, dagsats frå kr 54,00	til kr 56,00 pr. dag

¹ Beløpene er avrundet av hensyn til dagsatser på hel ti-øre/krone.

1.3 Samla utrekning av utgiftene

Meirutgiftene av forslaget er utrekna til 15,514 mill. kroner for 2010 etter følgjande fordeling:

Auke av tenestetillegg og korporalstillegg	8,088 mill. kroner
Auke av tenestetillegg HV-innsatsstyrke og operativt tillegg (§13 oppdrag)	0,564 mill. kroner
Auke av kompensasjonstillegg	0,054 mill. kroner
Auke av forsørgjartillegg	0,208 mill. kroner
Auke av dimisjonsgodtgjersle	6,388 mill. kroner
Auke av utdanningsbonus dagsats	0,212 mill. kroner

1.4 Verknad for siviltenesta

Regulativendringar for militære vernepliktige mannskap utløyser tilsvarende endringar for dei sivile vernepliktige. Dette følgjer av militærnekterlova § 18. Meirkostnadane for siviltenesteforvaltinga for andre halvåret 2010 er utrekna til 581 000 kroner. Verknad for heile året blir 1,091 mill. kroner.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Laila Gustavsen, Eva Kristin Hansen, Svein Roald Hansen, Sverre Myrli, Tore Nordtun og Helga Pedersen, fra Fremskrittspartiet, Jan Arild Ellingsen, Morten Høglund, Siv Jensen, Peter N. Myhre og Karin S. Woldseth, fra Høyre, Peter Skovholt Gitmark, Ivar Kristiansen og lederen Ine M. Eriksen Søreide, fra Sosialistisk Venstreparti, Bård Vegar Solhjell, fra Senterpartiet,

Trygve Slagsvold Vedum, og fra Kristelig Folkeparti, Kjell Arvid Svendsen, viser til proposisjonen og regjeringens forslag om endringar i Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap.

Komiteens flertall, medlemmene fra Fremskrittspartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti, viser til at det i dag er færre som gjennomfører militær førstegangstjeneste. Flertallet er enige om at førstegangstjenesten derfor i enda større grad enn tidligere må være relevant, kompetansehevende og gi den enkelte soldat en økonomisk kompensasjon som oppleves som rettferdig. Økt tjenestetillegg og dimisjonsgodtgjørelse er sentrale virkemidler i den sammenheng, og er samtidig viktige statushevende tiltak for de vernepliktige.

Flertallet merker seg at det å gjennomføre førstegangstjenesten kan ha negative økonomiske konsekvenser sammenlignet med å kunne starte direkte med sivil jobb eller studier, og mener det er viktig å sikre den økonomiske statusen til de vernepliktige soldatene.

Flertallet foreslår derfor at regjeringen legger frem for Stortinget på egnet måte en vurdering av den økonomiske status for dem som avtjener førstegangstjeneste i forhold til den gruppen som ikke avtjener førstegangstjeneste. Flertallet mener dette er viktig for å kunne komme frem til et riktig nivå på godt-gjørelsene til dem som avtjener førstegangstjeneste, og fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen på egnet måte legge frem en sak om den økonomiske statusen for vernepliktige under og etter førstegangstjenesten, særlig sammenlignet med dem som ikke gjennomfører militær førstegangstjeneste.»

3. Komiteens tilråding

Komiteens tilråding til I fremmes av en samlet komité og komiteens tilråding til II fremmes av komiteens flertall, medlemmene fra Fremskrittspartiet, Høyre og Kristelig folkeparti.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

v e d t a k :

I

I statsbudsjettet for 2010 gjøres følgende endringer:

Kap.	Post	Formål	Kroner
<i>Utgifter</i>			
450		Sivile vernepliktige	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 58 954 000 til kr 59 535 000	581 000
1719		Felles utgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 335 189 000 til kr 335 232 000	43 000
1720		Felles leiing og kommandoapparat	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 2 642 083 000 til kr 2 642 205 000	122 000
1725		Fellesinstitusjoner og -utgifter under FST	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 1 715 903 000 til kr 1 716 504 000	601 000
1731		Hæren	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 4 561 305 000 til kr 4 569 119 000	7 814 000
1732		Sjøforsvaret	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 3 158 848 000 til kr 3 160 667 000	1 819 000
1733		Luftforsvaret	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 3 725 002 000 til kr 3 726 619 000	1 617 000
1734		Heimevernet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 1 001 921 000 til kr 1 003 046 000	1 125 000
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 3 081 345 000 til kr 3 083 180 000	1 835 000
1790		Kystvakta	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 945 090 000 til kr 945 609 000	519 000
1795		Kulturelle og allmennytige formål	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 274 023 000 til kr 274 042 000	19 000

II

Stortinget ber regjeringen på egnert måte legge frem en sak om den økonomiske statusen for verne-

pliktige under og etter førstegangstjenesten, særlig sammenlignet med dem som ikke gjennomfører militær førstegangstjeneste.

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 16. juni 2010

Ine M. Eriksen Søreide

leder og ordfører